UTKAST

**Forslag til forskrift om endring i forskrift om tilskot til landbruksvikarverksemd**
Fastsett av Landbruks- og matdepartementet XX.YY.2018 med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18.

I forskrift 22. oktober 2007 nr. 1167 om tilskot til landbruksvikarverksemd skal desse endringane gjerast:

§ 2 skal lyde:

§ 2. *Bruk av landbruksvikar*

Avløysarlag som mottek tilskot til landbruksvikarverksemd pliktar innanfor sitt geografiske ansvarsområde, fastsett av fylkesmannen etter samråd med avløysarlaga, å ha tilstrekkeleg landbruksvikarberedskap tilgjengeleg.

Avløysarlaga skal ved sjukdom og i krisesituasjonar yte hjelp til føretak med husdyr- og planteproduksjon, som har rett på tilskot til avløysing ved sjukdom mv., jf. forskrift 19. desember 2014 nr. 1821 om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. Denne plikta er avgrensa til 14 dagar per tilfelle. Dersom landbruksvikaren ikkje nyttast i slik samanheng, kan vikaren nyttast til annan avløysing.

§ 3 skal lyde:

§ 3.*Søknad og rapportering*

Søknadsskjema og rapporteringsskjema vert fastsett av Landbruksdirektoratet.

Søknad om tilskot til landbruksvikarverksemd for inneverande år og rapport om landbruksvikarverksemda for føregåande år skal sendast fylkesmannen innan 1. februar. Årsrapport og rekneskap for føregåande år, som er godkjende av årsmøtet, skal sendast fylkesmannen innan 1. juni.

§ 4.*Tilskot*

Tilskotet vert utrekna med grunnlag i føresegner fastsett i eller i medhald av jordbruksoppgjeret.

II

Endringane trer i kraft frå 1. januar 2019.

**Forslag til forskrift om endring i forskrift om tidligpensjon til jordbrukere**
Fastsatt av Landbruks- og matdepartementet XX.YY.2018 med hjemmel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

I

I forskrift 3. februar 1999 nr. 190 om tidligpensjon til jordbrukere skal disse endringene gjøres:

§ 3 nr. 5 bokstav e) skal lyde:

e) utbetalt uføretrygd og arbeidsavklaringspenger som ikke omfattes av § 7 andre ledd bokstav c.

§ 4 første ledd skal lyde:

For å være berettiget tidligpensjon kan bruker og/eller dennes ektefelle/samboer ikke lenger eie eller forpakte landbrukseiendom. De kan heller ikke drive eller ha næringsinntekt fra jordbruk/gartneri eller skogbruk. Den som mottar tidligpensjon kan heller ikke være innehaver av, deltaker, aksjonær eller for øvrig ha næringsinteresser i foretak som driver slik virksomhet.

Tredje ledd oppheves

Nåværende fjerde ledd blir nytt tredje ledd.

§ 7 andre ledd bokstav c skal lyde:

c) innrømme tidligpensjon til søkere som ikke oppfyller kravet i første ledd første punktum på grunn av rehabilitering, attføring eller hel eller delvis uførhet.

§ 11 oppheves

§ 12 skal lyde:

*§ 12. Søknad og vedtak*
Søknaden skal fremsettes på søknadsskjema fastsatt av Landbruksdirektoratet og sendes til fylkesmannen.

Fylkesmannen fatter vedtak om tidligpensjon. Fylkesmannen kan innhente nødvendige opplysninger fra kommunen i forbindelse med behandling av søknaden.

§ 13 skal lyde:

*§ 13. Beregning og utbetaling av tidligpensjon*
Tidligpensjon beregnes fra og med den måned kravene i ordningen er oppfylt og søknaden med all nødvendig dokumentasjon har kommet fylkesmannen i hende.

Tidligpensjon utbetales per måned.

Det er ikke anledning til å overdra krav på tidligpensjon til eie eller pant.

Satser for enbruker- og tobrukerpensjon blir fastsatt i eller i medhold av jordbruksoppgjøret.

II

Endringene trer i kraft fra 1. januar 2019.

**Forslag til forskrift om endring i forskrift om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv.**
Fastsett av Landbruks- og matdepartementet XX.YY.2018 med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 18.

I

I forskrift 19.12.2014 nr 1821 om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. skal disse endringene gjøres:

§ 3 andre ledd skal lyde

Den personen som det vert søkt tilskot for må ha hatt næringsinntekt frå jordbruk, gartneri mv. frå føretaket i dei to siste inntektsåra som vedkomande har fått skatteoppgjer for per 1. januar i det året avløysinga finn stad. Dersom personen ikkje er innehavar må inntekta ha vore minimum ½ G i gjennomsnitt per år. For nye innehavarar som per 1. januar enno ikkje har fått skatteoppgjer for dei to fyrste åra etter oppstart krevst i staden at jordbruks- eller gartneridrifta i føretaket er egna til å gje dei positiv næringsinntekt over tid.

II

Endringane trer i kraft frå 1. januar 2019.